

Referat frå årsmøte i Valdres Folkemusikklag

17. mars 2011

Tilstades med stemmerett: Valdreskvelven spel- og dansarlag: Oddbjørn Skeie og Ingrid Skavhaug, Vestre Slidre folkemusikk- og danselag: Randi Før og Kjell Bakken, Vårflaumen spel- og dansarlag: Unni Myrheim og Lise Lunde Brennhagen, Begnaljom spel- og dansarlag: Tor Morten Røhr, Øystre Slidre spel- og dansarlag: Magne Olav Selland og Ingvild Lie

Valdreslaget i Oslo har meldt fråfall

Tilstades frå styret: Ivar Hemsing (leiar) Oddrun Hegge (nestleiar), Magne Olav Selland (Skrivar), Astrid Olga Bråten (kasserer) og Frode Rolandsgard

Tilstades frå valnemd: Ole Aastad Bråten

Andre tilstades utan stemmerett, men med talerett: Nils Rogn, Anita Nodland, Gunhild Nørsterud, Stian Roland, Ina Solvin, Eli Marit Fuglesteg, Ingebjørg Moe.

Sak 1: Opning

Leiar Ivar Hemsing ynskte velkommen. Oppropet viste 9 frammøtte med stemmerett.

Nils Rogn vart vald til møteleiar.

Magne Olav Selland og Frode Rolandsgard vart valde til referantar

Ole Aastad Bråten og Randi Før vart valde til å skrive under møteprotokollen.

Innkalling og sakliste vart godkjend.

Sak 2: Årsmelding 2010

Årsmeldinga vart lagt fram for årsmøtet av leiar Ivar Hemsing.

Presiseringar:

Valdres folkemusikkarrangement AS, eigarskap og generalforsamling.

Vfl har fullført to driftsår som fungerande eigar av VFAS.

I punktet representasjon:

Frode Rolandsgard representerte VFL på årsmøtet i Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen.

Skrivefeil i punktet om kurs:

Skal stå kurs, ikkje diskusjonsforum

I punktet om Austnorsk Folkemusikksenter (Af)

Valdres Folkemusikkarrangement AS og Valdresmusea var medstiftarar av Af

Vedtak: Årsmøtet godkjende årsmeldinga med endringane over.

Sak 3: Rekneskap 2009, Vfl og minnefonda

Etter revisjon hadde det blitt påpeika tre punkt i rekneskapen som måtte forandras. Oppdatert rekneskap vart delt ut til delegatane.

Vedtak: Regnskapet for Vfl og minnefonda vart godkjent.

Sak 4: Eigarskapen til Valdres folkemusikkarrangement AS

Eigarskapen til VFAS var oppe som sak dette året som i 2010 Det var ikkje kome andre framlegg til vedtak enn dei som var oppe i fjor. Det vart dermed stemt over to alternativ.

Vedtak:

Styret i Vfl sitt forslag; Alternativ I som innebærer at - Styret i Valdres Folkemusikklag står som eigarar av Valdres Folkemusikkarrangement AS, og at Styret i VFL utgjer generalforsamlinga i AS-et - vart vedteke med 7 mot 2 stemmer.

Merknad til sak 4:

Under ordskiftet rundt sak 4 kom det fram ynskje om at informasjonsflyten mellom Vfl og lokallaga vart betre, når det gjeld saker som vedrører VFAS. Det vart også føreslege at lokalaga vert informert om og invitert til eigarmøta for VFAS.

Sak 5: Arbeidsprogram 2011-2012

Oddrun Hegge la fram arbeidsprogrammet

Tillegg:

Under punktet: Arrangement

Arbeide vidare med arrangørmal for Valdreskappleiken

Under punktet: Samarbeid med andre

Føye til – vera ein aktiv del i arbeidet til "Folkemusikk – for notid og framtid"

Under punktet styrking av lokallaga

Styret utnemner ein redaksjonskomité for Låt ó link.

«Vekke» i staden for «stø» sovande lokallag.

Generell kommentar

Det vart understreka at det var viktig å støtte lokallaga i arbeidet deira, og samordne aktivitet.

Vedtak:

Arbeidsprogrammet vart vedteke med dei nemnde endringane

Sak 6: Budsjett 2010

Vedtak: Budsjettet for 2011 vart vedteke

Sak 7: Medlemspengar for 2012

Vedtak: Styret sitt framlegg om medlemspengar vart vedteke:

Medlemspengane for vaksne står uendra på kr. 75

Borne-/ ungdomskontingen (t.o.m. 18 år) står uendra, kr 25.

Ikkje-medlem kan abonnere på medlemsbladet Låt o' Link for kr 100,-

Sak 8 Vedtektsendring

Vedtak:

Setninga i §6 som er som følgjande:

«Styret har seks medlemmer, og valperioden er eitt år for leiaren og to år for dei andre styremedlemmene. Leiaren og fire styremedlemmer er valde av årsmøtet, den sjette medlemmen er oppnemnd av Valdresmusea AS. Leiaren har dobbeltstemme dersom det blir stemmelikskap. Minst tre av medlemslaget må vera representert i styret. Styremøta er vedtaksføre når minst fire av medlemmene er til stades. Leiaren kallar inn til møta»

Vert endra til følgjande:

«Styret har fem medlemer valde av årsmøtet, valperioden er eitt år for leiaren og to for dei andre styremedlemene. Leiaren har dobbeltstemme dersom det blir stemmelikskap. Minst tre av medlemslaget må vera representert i styret. Styremøta er vedtaksføre når minst tre av medlemene er til stades. Leiaren kallar inn til møta.»

Sak 9 Val

Valnemda fram nytt forslag til styre. Dette vart einstemmig vedteke av årsmøtet.

Nytt styre i Vfl:

Ivar Hemsing	styreleiar	attvold	(vald for 1 år i 2011)
Frode Rolandsgard:	styremedlem	ikkje på val	(vald for 2 år i 2010)
Astrid Olga Bråten	styremedlem	ikkje på val	(vald for 2 år i 2010)
Magne Olav Selland	styremedlem	attvold	(vald for 2 år i 2011)
Gunhild Nørsterud	styremedlem	ny	(vald for 2 år i 2011)
Ingrid Skavhaug Vik	2. vara	ny	(vald for 1 år i 2011)
Bente Hemsing	1. vara	attvold	(vald for 1 år i 2011)
Bjørg Berge	3. vara	attvold	(vald for 1 år i 2011)

Minnefond:

Jørgen Trøen	vald for 3 år i 2009
Gustav Berger	vald for 3 år i 2010
Anne Mette Lunde	vald for 3 år i 2011

Valnemd:

Nils Leine	vald for 3 år i 2009
Mette Storeng	vald for 2 år i 2011
Aud Søyland	vald for 3 år i 2011

Revisorar:

Jostein Kamben og Runar Kolsrud vald for eit år i 2011

referat: Magne Olav Selland
Frode Rolandsgard

Protokollunderskrift:

Ole Aastad Bråten

Ole Aastad Bråten

Randi Før

Randi Før